

Dyktig violinist vert presentert på ny Megyesi-konsert.

01.12.2016



Fiolinisten Runa Isene saman med Eva Megyesi.

**Eva Megyesi har arrangert 4 flotte kyrkjeconcertar til no dette hausthalvåret, 2 i Uskedalen, i Rosendal og på Husnes. Dei fleste har samla mykje publikum, og den særdeles flinke kantoren har hatt med seg både dyktige solistar og gode kor. Mandag er det klart for den femte konserten i denne konseretrekkja i Valen kyrkje kl.19.**

Eva Megyesi er som alltid sentral i konserten sjølv med sitt fabelaktige orgelspel, men ho skal ha med seg to dyktige solistar. Kristine Hestad er etterkvart blitt velkjend for Kvinnheradspublikummet med sitt varme og mjuke fløytespel, medan den andre solisten er eitt heilt nytt bekjentskap for publikum her i kommunen.

Fiolinisten Runa Isene, som no er busett på Husnes, har ein særdeles sterkt CV å visa til, og vi ser verkeleg fram til å høysa ho i samspel med Eva Megyesi. Runa, som opphavleg er frå Florø, har imponerande bakgrunn både når det gjeld utdanning og som utøvande musikar. Ho starta på fiolin som 6-åring og har musikkutdanning frå Griegakademiet i Bergen, Universität der Künste i Berlin, Instituto Superior del Arte i Havana(Cuba) og Högskolan för scen och musik i Göteborg .

Ho er ein allsidig violinist og spelar gjerne i alt frå symfoniorkester og barokkensembel til reggae-, blues- og balkanband. Den dyktige violinisten kan sjå tilbake på å ha jobba ved m.a. Deutches Theater i Berlin, Opera Bergen og Mendelsohn Kammerorkester i Leipzig.

I 2011 vart Runa Isene tildelt Den Norske Foreningen Dovre og Norges Hus sitt pretisjetunge musikkstipend. Då ho mottok stipendet, spelte ho Beethovens 'Romance' saman med Sølvguttene. Dette er også eit av nummera ho skal spela på konserten på mandag i Valen kyrkje kl.19.00.

Eva Megyesi er veldig imponert og er full av lovord om Runa Isene:

- Ho spiller Beethoven rett og slett som Beethoven har skrevet det. Beethoven ville blitt veldig glad i henne om han hadde fått opplevd henne. Eg ønsker å spille sammen med henne på mange konserter i fremtida, er noko av

lovorda fiolinisten får frå den framifrå kantoren vår.

Siste halvåret har mellom anna Runa Isene vore å høyra som sopran i det nystarta kyrkjekoret Nordsang som har øvingar i Uskedal kyrkje kvar mandag kveld.

Lurer de på kva som kan bringa ein så dyktig fiolinist til Kvinnherad? Grunnen er enkelt å greitt at det er enklare å kombinera lærarjobb enn musikarjobb med å vera småbarnsmor. No brukar ho språkkompetansen sin som tysk-og norsklærar på Kvinnherad vgs på andre året og trives godt i Kvinnherad.

Eg gleder meg til å høyra Runa, Eva og Kristine Hestad på konserten i Valen kyrkje mandag. 19.00 er altså klokkeslettet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland